



SAKSPROTOKOLL

Arkivsak-dok. 21/00149
Arkivkode
Sakshandsamar Berit Marie Galaaen

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Formannskapet, Plan og økonomi 2019 - 2023	11.03.2021	16/21

Søknad om forretningsføremål Områdereguleringsplan Tvildemoen pid. 2009014

Formannskapet, Plan og økonomi 2019 - 2023 har handsama saka i møte 11.03.2021 sak 16/21

Møtehandsaming

Tilleggsframlegg frå Sigbjørn Hauge, Senterpartiet:

Slik etableringa blir omtala ser ein for seg at her kan det koma ein monalege trafikkauke gjennom krysset mot RV13. Før etablering må utbetring av kryss mot RV13 verta sikra. Ein føreset at dette vert ivaretatt gjennom ein utbyggingsavtale mellom Coop og Voss herad. Utbyggingsavtalen må forhandle fram økonomisk bidrag til finansiering av kryssutbetring på rv 13. Voss eigedom må sette i gang arbeid med kryssutbetring og gå i dialog med Statens vegvesen om framdrift for ei slik utbetring.

Framlegg frå Iril S. Johansen, Høgre:

Voss herad opnar ikkje opp for at Obs bygg kan etablera seg på Tvildemoen no. Tomta og arealet skal fyrst vurderast som aktuell tomt til framtidig brannstasjon.

Votering

Røysta framlegg frå Iril S. Johansen opp mot rådmannen si innstilling: Rådmannen si innstilling vart vedtatt mot to røyster, Iril S. Johansen (Høgre) og Sveinung Klyve (Mdg).

Røysta over tilleggsframlegg frå Sigbjørn Hauge: Samrøystes vedteke.

Vedtak

Voss herad opnar opp for etablering av Coop obs bygg på inntil 3000 m2 BRA inkl. parkering. Det er i tråd med etableringar som allereie er på området i dag.

Slik etableringa blir omtala ser ein for seg at her kan det koma ein monalege trafikkauke gjennom krysset mot RV13. Før etablering må utbetring av kryss mot RV13 verta sikra. Ein føreset at dette vert ivaretatt gjennom ein utbyggingsavtale mellom Coop og Voss herad. Utbyggingsavtalen må forhandle fram økonomisk bidrag til finansiering av kryssutbetring på rv 13. Voss eigedom må sette i gang arbeid med kryssutbetring og gå i dialog med Statens vegvesen om framdrift for ei slik utbetring.